



# Møteinnkalling

## Møre bispedømeråd 2016-2019

---

Møtedato: 03.06.2019 kl. 10:00

Møtested: Møre bispedøme

Arkivsak: 17/00414

---

Mulige forfall meldes snarest til Alice Elnes, [ae952@kirken.no](mailto:ae952@kirken.no).

MOLDE, 15.06.2020

Alice Elnes  
Sekretær



# DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømeråd

## MØTEINNKALLING

- Unntatt offentlegheit

### Møre bispedømeråd 2016-2019

**Dato:** 03.06.2019 kl. 10:00  
**Stad:** Møre bispedøme  
**Arkivsak:** 17/00414  
**Arkivkode:** 421

Velkommen til Møre Bispedømeråd. Vi startar som vi brukar, kl. 10.00. Olav Myklebust er utfordra til å halde opning i kapellet kl. 09.45. Bispedømerådet held lunsj. Det vil bli ei markering i høve til overgang til nye nasjonale einingar. I tillegg til tilsettingssakene er det saka om prostigrensereguleringar som vil fylle møtet. Denne saka har mange dokument knytt til seg, er omfattande og vil truleg fylle det meste av møtet.

Innkallinga blir lagt ut på nettsida på måndag og gjort offentleg frå då! Forfall meldast snarast til Bjørn Olaf på tlf. 92810040, eller på e-post [bs665@kirken.no](mailto:bs665@kirken.no).

## SAKSLISTE

### Godkjenning av innkalling og saksliste

[32/19](#) Innkalling

### Godkjenning av protokoll

[33/19](#) Protokoll Møre bispedømeråd 2016-2019 06.05.2019

### Tilsettingssaker

[34/19](#) Tilsetting av sokneprest i Ytre Nordmøre prosti med Edøy, Brattvær og Hopen sokn som særleg tenestestad.  
- *Unntatt offentlegheit*  
**Saksordførar: Per Eilert Orten**

[35/19](#) Tilsetting av kapellan i Nordre Sunnmøre prosti med Spjelkavik sokn som særleg tenestestad.  
- *Unntatt offentlegheit*  
**Saksordførara: Therese Utgård**

### Saker til behandling

[36/19](#) Endring av prostigrenser i Møre bispedøme  
**Saksordførar: Olav Myklebust**

### Orienteringssaker

[37/19](#) Orienteringar

## Referatsaker

[38/19](#)

Referat

Molde 24.05.2019

Leiar

Arvid Helle  
Møtesekretær



# DEN NORSKE KIRKE

Møre Bispedømmeråd

## MØTEPROTOKOLL

### Møre bispedømmeråd 2016-2019

**Dato:** 06.05.2019 kl. 10:00  
**Sted:** Møre bispedømme  
**Arkivsak:** 17/00414

Tilstede:  
Ann-Kristin Sørvik  
Therese Utgård  
Frode Rabbevåg  
Per Eilert Orten  
Rikke Grevstad  
Kopperstad  
Maren Elgaas  
Jenssen  
Olav Myklebust  
Ingeborg  
Midttømme

Møtende  
varamedlemmer:  
Margaret Mørk

Forfall:  
Olav Rønneberg  
Ole Martin Grevstad

Andre:  
Max Ingar Mørk  
Inger Marie Sylte  
Ungdomsrådet  
Arvid Helle (sekr)  
Alice Elnes

## SAKSLISTE

Side

### Godkjenning av innkalling og saksliste

[25/19](#) Møteinnkalling 06.05.19. 2

### Godkjenning av protokoll

[26/19](#) Protokoll 13.03.18 3

## Saker til behandling

<a href="#">27/19</a>	Rekneskap Møre bispedømme 31.03.2019	3
<a href="#">28/19</a>	Samtale om vidareføring av ENØK-prosjekt	3
<a href="#">29/19</a>	Høyring Langtidsplan for Pilegrimsarbeidet i Norge 2019 - 2037	4
<a href="#">30/19</a>	samtale med repr. frå ungdomsråd og rådgivar ungdom	5

## Orienteringssaker

<a href="#">31/19</a>	Høyringssvar om framlegg til endringar i abortlova	6
<a href="#">32/19</a>	Orienteringar 06.05.19.	6

## Referatsaker

20.05.2019

## Godkjenning av innkalling og saksliste

---

### 25/19 Møteinnkalling 06.05.19.

[Click here to enter text.](#)

#### **Møtebehandling**

#### **Votering**

samrøystes

#### **Vedtak**

Godkjent  
[Lagre]

## Godkjenning av protokoll

---

## 26/19 Protokoll 13.03.18

### Møtebehandling

#### Votering

Samrøystes

#### Vedtak

Godkjent, med dei justeringar som kom fram i møtet

[Lagre]

### Saker til behandling

---

## 27/19 Rekneskap Møre bispedøme 31.03.2019

### Møtebehandling

Orientering v/Økonomisjef

#### Votering

#### Vedtak

Orientering blei teken til vitande

[Lagre]

---

## 28/19 Samtale om vidareføring av ENØK-prosjekt

### Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd rettar takk til prosjektgruppa for innsats og engasjement. Arbeidet som er dokumentert gjennom delrapporten viser at prosjektet verkeleg kan føre til redusert miljøavtrykk frå kyrkjene i Møre.

Møre bispedømeråd støttar søknaden frå prosjektgruppa og ber stiftsdirektøren om å stille midlane til disposisjon innanfor vedtekne budsjетtrammer.

### Møtebehandling

Max Ingar Mørk, medl. I prosjektgruppa orienterte om status for arbeidet og presenterte søknad om støtte for 2019.

#### Votering

Samrøystes

**Vedtak**

Møre bispedømmeråd rettar takk til prosjektgruppa for innsats og engasjement. Arbeidet som er dokumentert gjennom delrapporten viser at prosjektet verkeleg kan føre til redusert miljøavtrykk frå kyrkjene i Møre.

Møre bispedømmeråd støttar søknaden frå prosjektgruppa og ber stiftsdirektøren om å stille midlane til disposisjon innanfor vedtekne budsjetttrammer.

[Lagre]

---

## **29/19 Høyring Langtidsplan for Pilegrimsarbeidet i Norge 2019 - 2037**

**Forslag til vedtak**

1. Møre bispedømmeråd gir sin tilslutning til hovedkonklusjonene i langtidsplan for pilegrimssatsingen i Norge.
2. Møre bispedømmeråd støtter forslaget om at Nasjonalt Pilegrimscenter etableres som eget ordinært forvaltningsorgan, slik intensjonene var ved oppretting av senteret i 2013.
3. Møre bispedømmeråd er tilfreds med å se at arbeidet med Kystpilegrimsleia nå gir frukter og at den er høyt prioritert og synliggjort i langtidsplan for det nasjonale pilegrimsarbeidet fram mot 2037.
4. Møre bispedømmeråd støtter forslag om etablering av led-kontakt for Valldalsleden. Led-kontakten bør bli lokalisert i Valldal i Norddal kommune.
5. Møre bispedømmeråd støtter forslaget om etablering av fire regionale kystpilegrimscenter der ett av disse blir lokalisert til Møre og Romsdal, og vil sammen med Møre og Romsdal fylkeskommune ha dialog med aktuelle kommuner om lokalisering av et slikt senter.
6. Møre bispedømmeråd vil legge til rette for videreføring av satsingen på Pilegrim som redskap i menighetsutviklingen, arbeide for flere åpne kirker og sikre kvalitet og tilgjengelighet for det kirkelige innholdet i pilegrimsarbeidet.
7. Stiftsdirektøren gis fullmakt til å utforme det endelige høringssvaret med utgangspunkt i de forslagene som ligger i saken.

**Møtebehandling**

Samtale om framlagt høyringsdokument

**Votering**

Samrøystes

## Vedtak

1. Møre bispedømmeråd gir sin tilslutning til hovedkonklusjonene i langtidsplan for pilegrimssatsingen i Norge.
2. Møre bispedømmeråd støtter forslaget om at Nasjonalt Pilegrimssenter etableres som eget ordinært forvaltningsorgan, slik intensjonene var ved oppretting av senteret i 2013.
3. Møre bispedømmeråd er tilfreds med å se at arbeidet med Kystpilegrimsleia nå gir frukter og at den er høyt prioritert og synliggjort i langtidsplan for det nasjonale pilegrimsarbeidet fram mot 2037.
4. Møre bispedømmeråd støtter forslag om etablering av led-kontakt for Valldalsleden. Led-kontakten bør bli lokalisert i Valldal i Norddal kommune.
5. Møre bispedømmeråd støtter forslaget om etablering av fire regionale kystpilegrimssenter der ett av disse blir lokalisert til Møre og Romsdal, og vil sammen med Møre og Romsdal fylkeskommune ha dialog med aktuelle kommuner om lokalisering av et slikt senter.
6. Møre bispedømmeråd vil legge til rette for videreføring av satsingen på Pilegrim som redskap i menighetsutviklingen, arbeide for flere åpne kirker og sikre kvalitet og tilgjengelighet for det kirkelige innholdet i pilegrimsarbeidet.
7. Stiftsdirektøren gis fullmakt til å utforme det endelige høringsvaret med utgangspunkt i de forslagene som ligger i saken.

[Lagre]

---

## **30/19 samtale med repr. frå ungdomsråd og rådgivar ungdom**

### **Forslag til vedtak**

Møre bispedømmeråd takkar ungdomsrådet for engasjement og samarbeid og tek orienteringa til vitande.

### **Møtebehandling**

Ungdomsrådet sine medlemmer presenterte seg og bispedømmerådet og orienterte om dei ulike arrangement og saker dei har arbeidd med. Ungdomsrådet var takksame for høvet til å snakke med bispedømmerådet. Rådgivar Ungdom Inger Marie Sylte orienterte om rådet sitt arbeid og om dei sakene ho arbeider med i si stilling

Bispedømmerådet bad stiftsdirektøren, innan utgangen av valperioden, om å førebu ei sak om rekruttering for handsaming i rådet

### **Votering**



Samrøystes

### **Vedtak**

Møre bispedømmeråd takkar ungdomsrådet for engasjement og samarbeid og tek orienteringa til vitande.

[Lagre]

### **Orienteringssaker**

<b>Saksnr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Tittel</b>
31/19	17/00414-110	Høyringsvar om framlegg til endringar i abortlova
32/19	17/00414-111	Under orienteringssaka blei stiftsdirektøren utfordra til å orientere frå prosessen om tildeling av diakonimidler, og kriterier for tildeling og om korleis kyrkjelydane hadde blitt invitert til å søkje om midlane.

### **Referatsaker**

Dette punktet på sakslisten er unntatt offentlighet.

Dette punktet på sakslisten er unntatt offentlighet.

**DEN NORSKE KYRKJA**

Møre bispedømeråd

Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Bjørn Olaf Storhaug	000	17/05045-15	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
36/19	Møre bispedømeråd 2016-2019	03.06.2019

**ENDRING AV PROSTIGRENSER I MØRE BISPEDØME****Vedlegg:**

Høringsnotat - Regulering av prostigrenser for Molde Domprosti, Indre Romsdal prosti og evt Austre Sunnmøre prosti  
Høringsnotat - Regulering av prostigrenser for Ytre Nordmøre prosti og Indre Nordmøre prosti  
Høringsnotat: Regulering av prostigrenser Nordre Sunnmøre, Søre Sunnmøre og Austre Sunnmøre prosti  
Samandrag av høyringssvar prostigrenser Sunnmøre.xlsx  
Samandrag høyringssvar Romsdal.xlsx  
Samandrag høyringssvar prostigrenser Nordmøre.xlsx  
Kart Gjeldende prostigrenser  
Kart Bispedømegrenser etter grenseregulering  
Kart Møre bispedøme med justerte prostigrenser etter kommuneendringene 2020  
Kart Fire-prostis bispedøme med de nye kommunene  
Grunnkart MRfylke  
Nye kommunegrenser medlemstal på prostinivå og soknenivå  
Nye prostigrenser - innstilling  
Høyringssvar prosten Søre Sunnmøre  
Høyringssvar prosten i Nordre og Austre Sunnmøre  
Høyringssvar domprosten i Molde  
Høyringssvar prosten i Indre Nordmøre  
Høyringssvar fra prosten i Ytre Nordmøre prosti  
Høyringssvar prosten i Indre Nordmøre  
Svar frå PF-Møre på høyring om regulering av prostigrenser i Møre  
Høyringssvar fra menighetsrådene i Rauma  
Høyringssvar Vike  
Høyringssvar Molde kirkelige fellestråd  
Høyringssvar Rauma kirkelige fellestråd1  
Høyringssvar Anders Barstad  
Høyringssvar Eresfjord  
Høyringssvar Fiksdal sokn  
Høyringssvar frå prestekollegiet i Indre Romsdal  
Høyringssvar Rauma kirkelige fellestråd2  
Høyringssvar Tresfjord  
Høyringssvar Vestnes sokneråd  
Høyringsuttalelse domprosten i Molde  
Høyringsuttalelser fra menighetsrådene i Rauma  
Høyringssvar Vestnes kyrkjelege fellestråd  
Høyringssvar Vågøy og Myrbostad  
Høyringssvar Molde kommune

**Vedlegg:**

Høringsuttalelse prosten i Indre Romsdal  
Høringsssvar Molde menighetsråd  
Høyringsssvar Kristiansund kyrkjelege fellesråd  
Høyringsssvar Øye og Raneshokne  
Høringsssvar fra Kvernes og Kornstad sokn  
Høringsssvar Kristiansund menighetsråd  
Høyringsssvar Stangvik og Surnadal kyrkjelege fellesråd  
Høyringsssvar Øre sokneråd  
Høringsuttale Tingvoll kyrkjelege fellesråd  
Høyringsuttale Nordlandet Sokn  
Høyringsuttale Todale sokn  
Høringsssvar fra prosten i Ytre Nordmøre prosti  
Høyringsssvar Aure kyrkjelege fellesråd  
Høyringsssvar Kirkevergen på Smøla  
Høyringsssvar Prosten i Indre Nordmøre  
Høyringsssvar Smøla kyrkjelege fellesråd  
Høyringsssvar Trusoplærer Smøla  
Høyringsssvar, Aure fellesråd, Stemshaug og Tustna sokn  
Høyringsuttale Aure sokn  
Høringsssvar Tingvoll sokneråd  
Høringsuttalelse Bremsnes  
Høringsssvar Averøy kirkelige fellesråd  
Høringsssvar Straumsnes sokn  
Høyringsssvar frå Rindal sokneråd-  
Høyringsssvar Fellesnemnda for nye Volda  
Høyringsssvar Geiranger sokneråd  
Høyringsssvar Vigra sokn  
Høyringsssvar Volda sokneråd  
Høyringsuttale Storfjorden kyrkjelege fellesråd  
Høyringsuttale Vanylven kommune  
Høyringsuttale Sykkylven kyrkjelege fellesråd  
Høyringsssvar Brattvåg sokneråd  
Høyringsssvar Giske sokneråd  
Høyringsssvar Ørskog sokneråd  
Høyringsuttale Haram sokn  
Storfjorden kyrkjelege fellesnemnd  
Uttale Volda kommune  
Høyringsssvar Ellingsøy sokn  
Høyringsssvar Ulstein  
Høyringsssvar Norddal sokn  
Høringsssvar Stranda sokneråd  
Høyringsssvar Sula sokn  
Høyringsssvar Vatne  
Høringsssvar fra Spjelkavik sokn  
Høringsssvar frå Ellingsøy sokn  
Høyringsssvar frå Hareid  
Høyringsssvar frå Hjørundfjord sokn  
Høyringsssvar prosten i Austre og Nordre Sunnmøre  
Høyringsssvar Valderøy  
Høyringsssvar Volda kyrkjelege fellesråd  
Høyringsssvar Ålesund og Volsdalen  
Høyringsssvar Sande kyrkjelege fellesråd  
Høyringsssvar Storfjorden KF  
Høyringsssvar Volda sokneråd (2)  
Høyringsssvar Ålesund kyrkjelege fellesråd  
Høyringsssvar Borgund sokn  
Høyringsuttale prosten Søre Sunnmøre

## Saksorientering

Møre bispedømeråd har handsama sak om prostiregrenser i fleire omgangar. Det blir vist til sak 46/17 i møte 8/9-17, sak 10/18 i møte 26/2-18 og sak 41/18 i møte 11/6-18. Siste vedtak var: *Møre bispedømmeråd sender forslag til endring av prosti- og bispedømmegrenser ut på høring til aktuelle høringsinstanser etter at det er gjort nødvendige vedtak av Storting, Regjering, Departement eller Fylkesting.*

Vedtak i sak om prostigrenser i Møre bispedøme vil danne plattform for fleire andre saker som vil måtte bli handsama av biskop og/eller bispedømeråd, til dømes rammer for prostar og prosteteneste (om nødvendig oppretting av nye stillingar), utlysing og tilsetjing i prostestillingar, organisering av beredskap og ressursar til presteteneste. Det er difor viktig at vedtak blir gjort slik at det er tilstrekkeleg med tid til å implementere i tide før 1/1-20.

Høyringsdokument blei sendt ut 2. og 3. april etter at Kyrkjemøtet gjorde vedtak i sak 6/19 om kyrkjeordning. Departementet har enno ikkje lagt fram lovproposisjon om ny lovgiving for tru- og livssynssamfunn.

Det er avgitt 83 høyringssvar. Høyringssvara er vist i tabellform – ein for prostia på Nordmøre, ein for prostia i Romsdal og ein for prostia på Sunnmøre. Alle høyringssvar ligg som vedlegg til dei respektive samandraga. I tillegg ligg som vedlegg høyringssvar frå prostane og Presteforeininga. Høyringssvar frå Regionalt arbeidsmiljøutval (RAMU) og Møre biskop vil bli laga på grunnlag av saksframstilling og øvrige høyringssvar, og vil bli ettersendt eller lagt fram i møte.

Som vedlegg ligg i tabell oversyn over prosti med tilhøyrande sokn og medlemstal – noveranda og framtidige grenser.

Som vedlegg ligg også kart med oversyn over noverande og framtidige kommune og bispedømmegrenser samt kart som syner alternative prostiinndelingar.

Saksframlegget inneheld desse punkta

1. Innleiing
2. Prost og prosti
3. Om mynde og saksgang
4. Om høyringar prostigrenser i Møre bispedøme, status og alternative løysingar:
  - A) Søre Sunnmøre prosti, Nordre Sunnmøre prosti, Austre Sunnmøre prosti
  - B) Molde domprosti, Indre Romsdal prosti
  - C) Ytre Nordmøre prosti, Indre Nordmøre prosti
5. Samandrag av høyringssvar
6. Vurderingar
7. Framlegg til vedtak

1. Innleiing

På bakgrunn av kommune- og regionreforma har Stortinget gjort formelle vedtak om endring i kommunestrukturen i Møre og Romsdal. Endringane i kommunegrensene får konsekvensar frå 1/1-2020.

Kommunane det gjeld er:

- Molde, Nesset og Midsund – går saman til nye Molde kommune
- Ålesund, Haram, Sandøy, Ørskog, Skodje – går saman til nye Ålesund kommune
- Stordal og Norddal - går saman til nye Fjord kommune
- Fræna og Eide – går saman til nye Hustadvika kommune
- Hornindal går saman med Volda og blir del av Møre og Romsdal
- Halså går saman med Hemne og delar av Snillfjord og blir Heim kommune som del av Trøndelag

I tillegg har fylkestinga i Trøndelag og Møre og Romsdal gjort vedtak om å overføre Rindal til Trøndelag med verknad frå 1/1-19.

Departementet har gjort vedtak om endring av bispedømmegrensene mellom Møre og Nidaros for Halså og Rindal blir endra med verknad frå 1/1-20 og mellom Møre og Bjørgvin for Hornindal frå 1/1-20.

I tillegg til desse vedtaka er det behandla ei rekke søknader om grensereguleringar mellom kommunar. Det er framleis diskusjonar i enkelte kommunar om samanslåing.

I følgje Kyrkjelova § 5 skal det vere eit kyrkjeleg organ på kommunenivå. Dette vil føre til at fleire av dei noverande fellesråda blir slått saman. Kyrkjelege fellesnemnder er oppnemnt for alle aktuelle stader for samanslåing. Dei fastsette endringane i kommunestrukturen og søknader om grensereguleringar vil direkte røre ved alle prostigrensene i Møre bispedømme.

Ny lov om trussamfunn er under utarbeiding. Departementet har varsla at lovproposisjonen vil bli lagt fram før sumaren 2019 og framlegg til ny lov er varsla i 2020. Kyrkjelova gjeld inntil ny lov om trussamfunn trer i kraft.

Kyrkemøtet 2019 har i sak 6/19 gjort vedtak om ny kyrkjeordning. Vedtaket ligg på [www.kirken.no](http://www.kirken.no) eller ved å følge denne lenka:

[https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-](https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkemotet/dokumenter_vedtak/kirkemotet-27.-mars---1.-april-2019/)

[kirken/kirkemotet/dokumenter\\_vedtak/kirkemotet-27.-mars---1.-april-2019/](https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkemotet/dokumenter_vedtak/kirkemotet-27.-mars---1.-april-2019/)

Etter vår vurdering fører ikkje vedtaket til at det blir gjort endringar i den kyrkjelege inndelinga eller fordeling av mynde som får konsekvensar for dei spørsmåla som blir omhandla i denne saka.

Momenta uttrykt her blir lagt til grunn for sak om regulering av prostigrenser i Møre bispedømme med verknad frå 1/1-20.

## 2. Prost og prosti

I Den norske kyrkja (Dnk) er prosti nemninga på eit geografisk avgrensa område. Dnk er delt i 11 bispedøme (+ ett tilsynsområde for preses) og vel 100 prosti. Alle prestar er tilsett med prostiet som tenestedistrikt.

Vidare er det i Kyrkjelova §2/Ny kyrkjeordning §3 bestemt at eit sokn høyrer til eit prosti som høyrer til eit bispedømme. Departementet fastsetr endringar i bispedømmegrenser. Bispedømerådet er gitt mynde til å vedta endringar i prostigrenser og soknegrenser.

Prosten leier prestetenesta i prostiet og tar i vare styringsretten arbeidsgjevar har overfor prestane (§1 og 4 i tenesteordning for prost). Samstundes har prosten eit ansvar for samordning mellom prestetenesta og verksemda til dei kyrkjelege råda (sokneråd og fellesråd).

Noverande prostiinndeling i Møre bispedømme er:

1. Molde domprosti: Molde, Fræna, Eide, Aukra, Midsund, Sandøy (Eide overført frå Ytre Nordmøre fra 1/1-19)
2. Søre Sunnmøre: Volda, Ørsta, Sande, Vanylven, Herøy, Ulstein, Hareid
3. Nordre Sunnmøre: Ålesund, Sula, Giske, Haram
4. Auste Sunnmøre: Storfjorden (Ørskog, Skodje, Stordal, Norddal og Stranda) og Sykkylven
5. Indre Romsdal: Rauma, Vestnes, Nesset
6. Ytre Nordmøre: Kristiansund, Averøy, Smøla, Aure
7. Indre Nordmøre: Tingvoll, Sunndal, Surnadal, Gjemnes, Halså, Rindal

Etter noverande kyrkjelov er den kommunale inndelinga førande for den kyrkjelege inndelinga slik at det i kvar kommune er eit lovfesta kyrkjeleg fellesråd som mellom anna har til oppgåve å forvalte midlar som blir stilt til rådvelde frå den respektive kommune. Framtidig lovgiving og kyrkjeordning vil fastsette om dette held fram.

Uavhengig av kommunereforma er det viktig at Dnk vurderer kva som er den mest tenlege prostiindelinga. Moment i ei slik vurdering er:

- Kva for inndeling gir hensiktsmessig organisering?
- Kor store bør prostia vere for at dei både kan vere robuste einingar og samtidig ivareta nærleik og god leiing av prestetenesta og samordning med dei lokale kyrkjelege organ?
- Talet på sokn i prostiet
- Talet på fellesråd i prostiet
- Høve til samvirke mellom sokn
- Høve til samvirke mellom prost og kyrkjeverje/samvirke i leiing
- Talet på prestar i prostiet

### 3. Om mynde og saksgang

Kulturdepartementet har gjort endringar i delegasjon av mynde, jfr brev av 21.07.2017. Departementet har gitt bispedømerådet mynde til å gjere endringar i prostiindelinga og soknegrenser innanfor bispedømmet.

Dette gjeld

- a) Opprette eller legge ned prosti
- b) Overføre eit sokn frå eitt prosti til eit anna
- c) Endring av grensene mellom sokn
- d) Samanslåing av sokn
- e) Opprette nytt sokn i eit distrikt kor det er kyrkje, jfr KL §17
- f) Ta avgjer for å kunne gjennomføre inndelingsendringar
- g) Fastsette namn på kyrkje, sokn og prosti

Det er gitt nærare reglar om sakshandsaminga.

Vedtak om endringa i den kyrkjelege inndelinga som gjelder fleire bispedømer ligger til departementet, med Kyrkerådet som saksførebuande organ.

### 4. Om høyringar prostigrenser i Møre bispedøme og handsaming av høyrings svar

Høyringsinstansar har vore sokneråd, fellesråd, kyrkjelege fellesnemnder, prostar og kommunar. Fagorganisasjonar for prestane har og hatt høve til uttale seg. Det er og høve for andre til å gi høyrings svar.

Det er laga tre ulike høyringar tilpassa høyringsinstansar for dei områd som geografisk ligger i nærleiken av kvarandre:

- a) For Ytre Nordmøre prosti og Indre Nordmøre prosti med spørsmål om å halde oppe to prosti eller slå prostia saman til eit prosti.
- b) For Molde domprosti, Indre Romsdal prosti og Austre Sunnmøre prosti med spørsmål om å oppretthalde prostigrenser, slå saman Molde domprosti og Indre Romsdal prosti eller slå sammen Indre Romsdal prosti og delen av Austre Sunnmøre prosti som ikkje blir overført til Nye Ålesund kommune.
- c) For Søre Sunnmøre prosti, Nordre Sunnmøre prosti og Austre Sunnmøre prosti med hovudspørsmål om å oppretthalde prostigrenser, slå saman alle prosti, slå saman Nordre Sunnmøre prosti og Austre Sunnmøre prost eller slå saman Indre Romsdal prosti og delen av Austre Sunnmøre prosti som ikkje blir overført til Nye Ålesund kommune.

#### Høyrings spørsmål

Dei spørsmåla som har vore stilt i høyringa går fram av vedlagte høyrings skjema, og kan bli summert slik:

1. Kva for alternativ for framtidige prostigrenser meiner høyringsinstansen er best?
2. Ser høyringsinstansen andre inndelingar/grensejusteringar/lokaliseringar som bør bli vurdert?
3. Det er foreslått endringar i namn på prosti. Korleis stiller høyringsinstansen seg til dette?



#### 4. Andre kommentarar:

Høringa har vore avgrensa til å stille spørsmål om prostigrenser, grensereguleringar og namn på prosti. Andre tema som prostetenesta, personalressursar og økonomi har ikkje vore del av spørsmålsstillingane, men er kommentert av ein del av høyringsinstansane. Etter bispedømerådet sitt ønske blei det ikkje gitt vurdering av konsekvensar for dei enkelte alternativa. Dette for ikkje å gi føringar for kva høyringsinstansane skulle meine.

#### **A) Søre Sunnmøre prosti, Nordre Sunnmøre prosti og Austre Sunnmøre prosti:**

##### **Situasjonen i dag og aktuelle alternativ og konsekvensar**

##### **Søre Sunnmøre prosti – 38154 medlemmer – 13 presteårsverk inkl prost**

Volda – Volda, Austefjord, Kilsfjord og Dalsfjord sokn

Ørsta – Ørsta, Vardal, Hjørundfjord og Storfjorden sokn

Hareid – Hareid sokn

Ulstein – Ulstein sokn

Herøy – Herøy, Indre Herøy og Leikanger sokn

Vanylven – Vanylven, Åram, Syvde og Rovde sokn

Sande – Sande og Gursken sokn

##### **Nordre Sunnmøre prosti – 55885 medlemmer – 15,75 presteårsverk inkl prost**

Ålesund – Ålesund, Volsdalen, Borgund, Ellingsøy og Spjelkavik sokn

Sula – Sula sokn

Giske – Valderøy, Giske og Vigra sokn

Haram – Vatne, Brattvåg, Hamnsund, Haram og Fjørtoft sokn

##### **Austre Sunnmøre prosti – 17076 medlemmer – 7,3 presteårsverk inkl prost**

Ørskog – Ørskog sokn

Skodje – Skodje sokn

Stordal – Stordal sokn

Norrdal – Norrdal sokn

Stranda – Stranda, Liabygda, Sunnlyven og Geiranger sokn

Sykkylven – Sykkylven og Ikorntnes sokn

##### **Indre Romsdal prosti – 14468 medlemmer – 6 presteårsverk inkl prost**

Vestnes – Vestnes, Tresfjord, Vike og Fiksdal sokn

Rauma – Vågstranda, Grytten, Kors, Øverdalen, Hen, Eid og Holm sokn, Voll sokn

Neset – Neset, Vistdal, Eresfjord og Eikesdal sokn

#### **ALTERNATIVE LØYSINGAR**

##### **for Søre Sunnmøre prosti, Nordre Sunnmøre prosti og Austre Sunnmøre prosti**

##### **Alternativ O – Ingen endringar**

I dette alternativet skjer ingen endringar frå situasjonen i dag: Om det ikkje blir gjort endringar prostigrensene som følgjer av kommunesamanslåingar, vil kommune- og fellesrådgrenser gå på tvers av prostigrenser.

##### **Alternativ 1a – Samanslåing av prosti**

I dette alternativet slå saman Nordre Sunnmøre og resterande del av Austre Sunnmøre prosti. Søre Sunnmøre prosti som i dag.

1. Søre Sunnmøre– 38100 medlemmer – 20 sokn – 7 fellesråd
2. Nordre Sunnmøre/Austre Sunnmøre -73000 medlemmer – 24 sokn – 6 fellesråd

##### **Alternativ 1b – Samanslåing av prosti**

I dette alternativet slå saman resterande del av Austre Sunnmøre og resterande del av Indre Romsdal prosti

1. Søre Sunnmøre – om lag 38100 medlemmer – 20 sokn – 7 fellesråd
2. Nordre Sunnmøre – om lag 62000 medlemmer – 17 sokn – 3 fellesråd
3. Rest Austre Sunnmøre/Rest Indre Romsdal - om lag 23500 medlemmer – 19 sokn – 5 fellesråd

## **Alternativ 2 - Grenseregulering i høve til nye kommunegrenser – behalde noverande prostiinddeling**

I dette alternativet vil prostia bli behalde, men grensene blir regulert etter nye kommunegrenser.

Søre Sunnmøre prosti – som i dag, med tillegg av Hornindal sokn:

Vil bestå av sokna i Volda, Ørsta, Herøy, Sande, Vanylven, Hareid, Ulstein  
– om lag 39500 medlemmer – 20 sokn

Nordre Sunnmøre prosti – får tilført Ørskog, Skodje og Sandøy sokn

Vil bestå av sokna i Nye Ålesund, Sula og Giske  
– om lag 60800 medlemmer – 17 sokn

Austre Sunnmøre prosti – misser Ørskog og Skodje.

Vil bestå av sokna i nye Fjord, Stranda og Sykkylven  
– om lag 121 medlemmer – 7 sokn

Indre Romsdal prosti – misser Nesset

Vil bestå av sokna i Rauma og Vestnes  
– 11829 medlemmer - 11 sokn

## **Alternativ 3 – Samanslåing av alle prosti på Sunnmøre**

I dette alternativet blir det eitt prosti for heile Sunnmøre Søre Sunnmøre/Nordre Sunnmøre/Austre Sunnmøre. Består av om lag 112.000 medlemmer - 44 sokn – 13 fellestråd

## **Alternativ 4 – Nye Ålesund eige prosti**

I dette alternativet blir Nye Ålesund eit prosti, samstundes som Sula og sokna i Giske går inn i eit nytt prosti saman med sokna i Nye Fjord, Stranda og Sykkylven.

1. Nye Ålesund prosti: Sokna i noverande Ålesund, noverande Haram, Sandøy, Ørskog og Skodje.
2. Nye Nordre Sunnmøre prosti: Sokna i Giske, Sula, Nye Fjord, Stranda og Sykkylven
3. Nye Molde domprosti: Noverande sokn i Molde domprosti (misser Sandøy får Nesset) og sokna i Rauma og Vestnes.

## **B) Molde domprosti, Indre Romsdal prosti og Austre Sunnmøre prosti: Dagens situasjon og alternative muligheter og konsekvenser**

### **Molde domprosti – 33312 medlemmer – 11,8 presteårsverk inkl prost**

Molde – Molde, Bolsøy, Sekken, Røvik og Veøy sokn, Kleive sokn  
Fræna – Vågøy og Myrbostad sokn, Bud sokn, Hustad sokn  
Eide – Eide sokn (frå 1/1-19)  
Aukra – Aukra sokn  
Midsund – Midsund sokn  
Sandøy – Sandøy sokn

### **Indre Romsdal prosti – 14015 medlemmer – 6,0 presteårsverk inkl prost**

Vestnes – Vestnes, Tresfjord, Vike og Fiksdal sokn  
Rauma – Vågstranda, Grytten, Kors, Øverdalen, Hen, Eid og Holm sokn, Voll sokn  
Nesset – Nesset, Vistdal, Eresfjord og Eikesdal sokn

### **Austre Sunnmøre prosti – 17076 medlemmer – 7,3 presteårsverk inkl prost**

Ørskog – Ørskog sokn  
Skodje – Skodje sokn  
Stordal – Stordal sokn  
Norddal – Norddal sokn

Stranda – Stranda, Liabygda, Sunnlyven og Geiranger sokn  
Sykkylven – Sykkylven og Ikorntnes sokn

## **ALTERNATIVE LØYSINGAR**

### **For Molde domprosti, Indre Romsdal prosti og Austre Sunnmøre prosti:**

#### **Alternativ O – Ingen endringer**

Om det ikkje blir gjort endringar i prostigrensene vil dette innebere at:

- Indre Romsdal bestå av sokna i Rauma og Vestnes
- Molde domprosti bestå av sokna i Nye Molde, Nye Hustadvika og Aukra
- Austre Sunnmøre prosti bestå av sokna i Nye Fjord kommune, Sykkylven og Stranda

#### **Alternativ 1 – Sammanslåing av Molde domprosti og Indre Romsdal prosti**

Ved å slå saman Molde domprosti/Indre Romsdal prosti vil dette føre til:

- «Nye Molde domprosti» bestå av soknene i Nye Molde, Nye Hustadvika, Rauma, Nesset og Aukra, (mister Sandøy sokn, er tilført Eide sokn frå 1/1-19)

#### **Alternativ 2 – Sammenslåing av rest Indre Romsdal prosti og rest Austre Sunnmøre prosti**

Ved å slå saman resterende sokn i Indre Romsdal (sokna i Nesset går til Molde domprosti) og resterende sokn i Austre Sunnmøre (Ørskog og Skodje sokn går til Ålesund/Nordre Sunnmøre prosti vil dette føre til:

- Molde domprosti bestå av sokna i Nye Molde, Nye Hustadvika og Aukra
- «Nye Indre Romsdal/Nye Austre Sunnmøre» bestå av sokna i Rauma, Vestnes, Nye Fjord, Stranda og Sykkylven

### **C) Ytre Nordmøre prosti og Indre Nordmøre prosti: Dagens situasjon og alternative moglegheiter og konsekvensar**

#### **Indre Nordmøre prosti – 18767 medlemmer – 8,8 presteårsverk inkl prost**

Gjemnes – Øre og Gjemnes sokn

Tingvoll – Tingvoll og Straumsnes sokn

Sunndal – Ålvundeid, Hov, Øksendal og Romfo sokn

Surnadal – Mo, Todalen, Stangvik, Øye og Raness sokn og Åsskard sokn

Rindal – Rindal sokn (til Nidaros i 2020)

Halsa – Halsa sokn (til Nidaros i 2020)

#### **Ytre Nordmøre prosti – 30758 medlemmer – 9,5 presteårsverk inkl prost**

Kristiansund – Nordlandet, Kristiansund og Frei sokn

Averøy – Bremsnes, Kvernes og Kornstad sokn

Smøla – Edøy, Hopen og Brattvær sokn

Aure – Aure, Tustna og Stemshaug sokn

## **ALTERNATIVE LØYSINGAR**

### **For Ytre Nordmøre prosti og Indre Nordmøre prosti**

#### **Alternativ O – Ingen endringer**

Om det ikkje blir gjort andre endringar enn at Halsa og Rindal går til Nidaros frå 1/1-20 vil dette innebere at

- resterande del Indre Nordmøre prosti vil bestå av sokna i Gjemnes, Tingvoll, Sunndal og Surnadal.

- Ytre Nordmøre prosti vil bestå av sokna i Kristiansund, Averøy, Smøla og Aure (etter at Eida gikk til Molde domprosti fra 1/1-19)

#### **Alternativ 1 – Sammenslåing av Ytre Nordmøre prosti og Indre Nordmøre prosti**

Samanslåing av Ytre Nordmøre prosti/Indre Nordmøre prosti

- Vil bestå av sokna i Kristiansund, Averøy, Aure, Sunndal, Surnadal, Gjemnes og Tingvoll (mister Halså og Rindal sokn 1/1-20, mistet Eide fra 1/1-19).

#### **4. Samandrag av høyrings svar gitt av høyringsinstansane**

##### **Søre Sunnmøre, Austre Sunnmøre, Nordre Sunnmøre**

Det er gitt 35 høyrings svar. Det blir vist til vedlegg med samandrag av høyringsuttalane

Eit fleirtal av fellesråd og sokneråd meiner det bør vere to prosti på Sunnmøre. Alternativ om å etablere «Nye Ålesund» som eige prosti får lita tilslutning. Eit fleirtal meiner og at Søre Sunnmøre (inkludert Hornindal) bør vere uforandra. Eit mindretal meiner resterande del av sokna i Austre Sunnmøre prosti kan vere eigne prosti. Eit anna mindretal meiner resterande del av sokna i Austre Sunnmøre prosti kan gå saman med Giske og Sula i eit nytt prosti.

For å sikre at dei to Sunnmørsprostia blir likare i storleik, tar ein del høyringsinstansar til orde for at Sykkylven og Stranda kan vere del av Søre Sunnmøre og Nye Fjord gå til Nordre Sunnmøre. Enkelte andre gir uttrykk for at Sykkylven, Stranda og Nye Fjord ikkje bør bli delte.

Ein av høyringsinstansane meiner det bør vere samsvar i måten å tenke prostiinnending og storleik i heile Møre bispedøme. Om ikkje samanslåing på Nordmøre og Romsdal, bør det heller ikkje skje på Sunnmøre.

Ingen har tatt til orde for å dele noverande Søre Sunnmøre prosti. Ingen har tatt til orde for andre måtar å dele prostia på.

Det er eit stort fleirtal for å halde fram med noverande namn på prosti.

##### **Høyringsuttale Prosten i Søre Sunnmøre**

Det vises til vedlagt høyringsuttale. Tilleggs kommentarane blir gjengitt her:

«Nåværende enhet, Søre Sunnmøre prosti, oppleves som en «naturlig enhet». Når nå kommunegrenser gjøres om, og vi får nye sammensetninger, tvinger en endring seg frem, også når det gjelder prostigrenser. Ut fra geografiske forhold, vil det ligge godt til rette for at Stranda og Sykkylven blir del av Søre Sunnmøre prosti. Nye Fjord gård da til Nordre Sunnmøre prosti. En slik inndeling, vil gi to robuste prosti på Sunnmøre. Prostetjenesten bør være 100% stilling i hvert prosti, pluss sekretærressurs.»

##### **Høyringsuttale: Prosten i Austre Sunnmøre og Konstituert prost i Nordre Sunnmøre**

Til spørsmål/svar:

1b: Ønsker to prosti på Sunnmøre

2a: Sokna i Nye Fjord: Tilhøyre Nordre Sunnmøre prosti

2b: Sokna i Stranda tilhøyre: Nordre Sunnmøre prosti.

2c: Sokna i Sykkylven tilhøyre: Nordre Sunnmøre prosti.

3a: Nye Ålesund bør ikkje bli eige prosti.

Namn på prostia: Søre Sunnmøre og Nordre Sunnmøre.

Tilleggs kommentarar:

Ein av grunnane til at det bør bli eit samanslått prosti av Austre- og Nordre Sunnmøre, er at Austre Sunnmøre prosti vil bli svært lite når Skodje og Ørskog vert ein del av Nordre. Det vil mellom anna bli eit lite handlingsrom for prosten i disponering av prestetenesta. I tillegg vil prestefellesskapet i Austre Sunnmøre bli svært lite.

I dag er det utfordrande å rekruttere til presteteneste dei fleste stader. Då vil det vere meir tenleg, - særleg for grenseområda mellom to prosti, å kunne disponere prestetenesta i eit større tenestedistrikt.

Eit samanslått prosti vil bli eit stort prosti. Måten å løyse den utfordringa på er at primæroppgåvene i prostetenesta, - i følgje tenesteordning for prostar, vert bygd ovanifrå. Dette i nært samråd med biskopen. Deler av ei anna prestestilling vil då kunne nyttas til å styrke botnlinja i prostetenesta.

##### **Molde domprost, Indre Romsdal**

Det blir vist til vedlegg med samandrag av høyringsuttalane.

Det er gitt 22 høyringsuttaler. Eit fleirtal av fellesråd og sokneråd meiner det framleis bør vere to prosti i Romsdal. Alternativet om å etablere «Nye Molde fellesrådsområde» som eige prosti har ikkje fått tilslutning. Alle sokneråd og fellesråd i Vestnes og Rauma har gitt uttale og er samrøystes i at Vestnes og Rauma er tilstrekkeleg til å vere eige prosti. Dette blir støtta av prestekollegiet i Indre Romsdal.

Med unntak av Molde kyrkjelege fellesråd, Molde menighetsråd og Myrbostad/Vågøy er det ikkje kome andre høyringsuttaler.

Molde kommune meiner det framleis bør vere to prosti i Romsdal.

Det har ikkje komet andre framlegg til inndeling av prostia i Romsdal.

På spørsmål om namn på prosti blir det gitt ulike innspel. Vidareføring av dagens namn, men Romsdal domprosti og Olav den Heilages prosti for sokna i Vestnes og Rauma er tatt til orde for.

### Høyringsuttale Prosten i Indre Romsdal

«Prosten i Indre Romsdal har vært i kontakt med kirkevergene i Vestnes og Rauma. Høringen har vært tema i menighetsråd og fellesråd i begge kommuner. Høringen har også vært behandlet på prestemøte i Indre Romsdal.

Prosten i Indre Romsdal har tatt hensyn til følgende moment i vurderingen i høringssvaret:

- Hvilken inndeling gir mest hensiktsmessig organisering
- Hvor store bør bispedømmets prostier være for at de både kan være robuste enheter og samtidig være tjenlig for å ivareta nærhet og god ledelse av prestatenesten og samordning med de lokale kirkelige organ.
- Antall sokn i prostiet
- Antall fellesråd i prostiet
- Muligheter for samvirke mellom sokn
- Muligheter for samvirke mellom prost og kirkeverge/samvirke i ledelse
- Antall prester i prostiet

Indre Romsdal prosti vil etter planen reduseres til Rauma og Vestnes. Spørsmålet nå er om Rauma og Vestnes skal bestå som eget prosti, om det skal slås sammen med Molde domprosti eller om det skal slås sammen med rest Austre Sunnmøre prosti.

Hva er hensiktsmessig inndeling? Hva er hensiktsmessig organisering? Betyr robust at det må være stort? Kan stort ha svakheter ved seg?

Det går godt an å sitte ved et skrivebord å finne løsninger.

Som fungerende prost i Indre Romsdal ser jeg at Rauma og Vestnes blir et lite prosti når det gjelder antall mennesker og kirkelig betjening. Men, det geografiske området er fortsatt stort. Det medfører store avstander og mye reisetid. Det er mange sokn og kirker som skal betjenes.

Jeg synes en løsning med Molde domprosti vil bli en for stor henhet. Avstanden til Molde vil oppleves ganske lang; det vil gå med mye reisetid og det er kostbart. Domprosten er i perioden fungerende biskop; det vil kreves en god løsning for fungerende domprost.

Jeg synes en løsning med rest av Austre Sunnmøre prosti vil være en merkelig konstruksjon.

Nærhet og jevnlig kontakt med prester, kirkeverger og stab er viktig. Blir enheten for stor, vil mye av dette kunne forsvinne.

Beredskap- om prostiet er for stort blir belastning ved å ha beredskap større. Lang responstid med lange avstander. Det vil være fordel med et fergefritt beredskapsområdet.

Få prester gir hyppigere beredskap.

Anbefaling: Prosten i Indre Romsdal anbefaler å videreføre Indre Romsdal prosti med Rauma og Vestnes.»

### **Høyringsuttale Domprosten i Molde**

Jeg velger å starte med en del refleksjoner før jeg svarer på høringsspørsmålene.

## Hvilke kriterier bør vektlegges?

Så lenge en stor del av Den norske kirkes virksomhet finansieres av kommunene er det praktisk at prostigrensene følger kommunegrenser. De endringer i kommunegrensene som nå skjer, fører til at vi kan få prostigrenser som synes lite tjenlige ut fra våre egne behov. Flere hensyn må avveies mot hverandre:

- **Avstand:** Det er ikke ønskelig at det blir for stor avstand innad i et prosti: Jo større avstandene er, desto mer tid vil gå med til reisetid, både når prestene møtes, når prosten besøker menigheter og når representanter for prostiet møtes til kurs eller andre samvær. Hensynet til avstand gjør det ønskelig med små prostier.
- **Antall prester:** Prosten er nærmeste arbeidsgiverrepresentant for prestene. Store prostier med mange prester vil gjøre avstanden mellom prosten og den enkelte prest større. På den annen side vil små prostier med få prester gi mindre fleksibilitet når tjenestene skal fordeles ved sykdom, ferier og andre fravær. Hensynet til antall prester gjør derfor at prostiene ikke bør være for store eller for små.
- **Antall sokn:** På samme måte som for prestene vil prostier med mange sokn gjøre avstanden mellom prost og det enkelte sokn større slik at det trolig vil bli mindre kontakt. Hensynet til antall sokn gjør at prostiene ikke bør bli for store.

I tillegg til dette har jeg noen merknader til det som skrives om konsekvenser i høringsdokumentet:

### Konsekvenser for prostetjenesten:

- **Antall proster:** Det er ikke ønskelig at det er for få proster i bispedømmet. Det er tjenlig å ha en viss bredde i prostekollegiet, både når det gjelder synspunkter og kompetanse. Jeg vil tro at dette også er viktig for biskopen. Jeg mener at fire eller fem proster er lite.

- **Prostens arbeidssituasjon:** Større prostier vil føre til at prosten får mer arbeid knyttet til administrasjon og ledelse av prestatjenesten i prostiet. Dette må løses uten at prosten blir fjernet fra prestatjenesten og menighetslivet. Prosten bør gjøre regelmessig prestatjeneste og ikke være «prost på heltid».

o Dersom det blir færre proster enn nå, vil prostene trenge mer hjelp enn de har nå. Høringsdokumentet sier at dette skal håndteres i en egen sak etter at prostigrensene er fastsatt. Jeg går derfor ikke mer inn på dette nå, men understreker at dette er helt nødvendig. Ordningen med hjelp for prosten bør gjennomgås også dersom tallet på prostier blir uforandret.

o Dette gjelder ikke minst for domprosten. Jeg kan ikke gå inn for en utvidelse av Domprostiet uten at jeg får vesentlig bedre hjelp enn det jeg har nå. For øyeblikket har jeg en 10 % administrativ stillingsressurs. Dette er for lite som det er. Samtidig er det mulig at det vil være mer tjenlig at en av prestene i prostiet overtar noen av prostens oppgaver på regulær basis, enn at en øker stillingsprosenten for kontorpersonalet. Denne presten bør i tilfelle gå inn som fungerende i domprostens fravær. Dette vil jeg eventuelt komme tilbake til.

- **Diakoni- og kateketressurser ved prostesetet:** Jeg forstår ønsket om diakoni- og kateketressurser ved prostesetet. Dette kan vise seg å bli nyttig, særlig for sokn der det ikke er tilsatt diakon og kateket. En må i tilfelle sikre at stillingene (eller helst stillingsprosentene?) som settes av til dette, ikke i unødig grad blir brukt til administrative gjøremål. Også forholdet til de tilsatte på bispedømmekontoret må avklares.

### Konsekvenser for prestatjenesten

- **Hvem gjør vikartjeneste:** Større prostier bør ikke føre til at prestene bruker mer tid på reise enn nå. Vikartjenester bør fremdeles i størst mulig grad utføres av de prester som har kortest reisevei. I en del tilfeller kan det føre til at det bør legges til rette for at prestene gjør vikartjeneste på tvers av prostigrensene.

- **Beredskapsordningen:** Dersom det blir store endringer i prostigrensene, tror jeg også at vi med fordel kan vurdere om prostiet alltid skal være beredskapsområde.

### Konsekvenser for Domprostiet

For Domprostiet vil konsekvensene av en utvidelse først og fremst være at Domprostens arbeidssituasjon vil bli endret av at tallet på prester og sokn øker. Jeg forutsetter at vi vil finne gode løsninger på dette. Ut over dette tror jeg at konsekvensene blir små. Ut fra dette ser jeg ingen avgjørende argumenter mot at Indre Romsdal prosti og Domprostiet blir slått sammen. Men det bør legges stor vekt på hva høringsinstansene i Indre Romsdal prosti sier,

og løsningen for Romsdal må ses i sammenheng med hva som gjøres ellers i bispedømmet, særlig med tanke på at det ikke bør bli for få prostier.

### **Konklusjon på høringsspørsmålene (som nevnt på side 4 – kortversjon)**

1. Isolert sett mener jeg at Molde domprosti vil være best tjent med å fortsette med kun de endringer som gir seg av kommunereguleringen. Men jeg har ingen avgjørende motforestillinger mot at Indre Romsdal prosti og Domprostiet blir slått sammen, forutsatt at det blir en god helhetsløsning for bispedømmet og at Domprostens arbeidssituasjon blir tilfredsstillende. Jeg mener at det bør legges stor vekt på hva høringsinstansene i de soknene som blir mest berørt, sier.

Når det gjelder de andre alternativene i høringsskjemaet,

2. Nei
3. Et sammenslått prosti bør fremdeles hete «Molde domprosti».
4. Se kommentarene tidligere i dokumentet.

### **Spørsmålene i høringsskjemaet:**

1. Primært nei.

2a Ja

2b Nei

2c Jeg har ingen mening om dette

2d Denne er vanskelig: Det er for så vidt en spennende ide, men jeg lurer på om avstanden blir i overkant stor for et prosti med så få prester. Samtidig vil det bli to prosti med en jevnere fordeling av antall prester og sokn. Det er en fordel.

4 Molde domprosti

### **Ytre Nordmøre prosti, Indre Nordmøre prosti**

Det blir vist til vedlegg med samandrag av høyringsuttalene.

Det er gitt 25 høyringsuttalar. Eit knapt fleirtal av fellesråd og sokneråd meiner det framleis bør vere to prosti på Nordmøre. Eit mindretal at Ytre Nordmøre prosti og Indre Nordmøre prosti bør slåast saman.

Moment for to prosti blir i høyringa lagt vekt på Tingvoll som historisk kyrkjestad og at Indre Nordmøre er stort nok som eige prosti sjølv om Halså og Rindal går til Nidaros.

På spørsmål om kvar eit prostesete skal vere ved eventuell samanslåing, får både Kristiansund og Tingvoll stemmer. På spørsmål om namn ved eventuell samanslåing får Nordmøre prosti tilslutning.

### **Høyringsuttale Prosten i Indre Nordmøre**

«Prosten i Indre Nordmøre takkar for høvet til å kome med uttale i saka om eventuelle samanslåing av dei tor prostia på Nordmøre.

Eg forstår det slik at dei fleste kyrkjelege organa i Indre Nordmøre prosti tilrår at det framleis blir to prosti på Nordmøre, utan andre endringar enn dei som blir naudsynte som følgje av kommune- og regionsreforma. Eg vel derfor å ikkje sende ikkje høyrings svar på det tilsendte skjemaet, men syner til uttalane frå prostiet elles. I staden sender eg inn nokre moment som eg vonar kan vere til nytte for å styrke grunnlaget for vedtaket som bispedømerådet skal gjere.

### **Saksopplysning**

Innleiingsvis vil eg peike på ei opplysning i høyringdokumentet som bør undersøkast nærare. På side 4 blir det opplyst at prostiet også er beredskapsområde, men eg ikkje sikker på om dette er heilt rett. Så vidt eg har forstått det fekk kvart bispedøme tildelt eit visst tal beredskapsområde då ny ordning for dette vart skipa for nokre år sidan. Møre fekk då tilfeldigvis tildelt like mange beredskapsområde som det var prosti i bispedømmet, og dermed var det naturleg at beredskapsområde og prosti vart samanfallande. Slik er det imidlertid ikkje i alle andre bispedøme, så det er mogeleg at ein framleis kan operere med sju geografiske einingar for prestane sin beredskap, sjølv om talet på prosti blir redusert.

### **Situasjonen i Indre Nordmøre**

Når kommunane (og sokna) Halså og Rindal blir del av Trøndelag fylke og Nidaros bispedøme ved årsskiftet, vil det vere att 7 prestar, inkl. prost, i Indre Nordmøre prosti, fordelt på 4 kommunar og 13 sokn. Dette låge talet på prestar kan vere sårbart i samband

med sjukdom, ferier og vakansar, og dette kan tale for at ein samanslåing av dei to Nordmørsprostia kan vere gunstig. Eg er imidlertid redd for at effekten av å bli fleire vil vere liten med omsyn til å kunne flytte ressursar til der arbeidspresset er størst:

□ Det er allereie lange avstandar og følgeleg lang reisetid mellom sokna i Indre Nordmøre prosti, eit område som i flateinnhald utgjer nesten ein tredjedel av det samla arealet i fylket. Det er allereie i dag vanskeleg å bruke prestar frå ein del av prostiet i ein annan del, og det er ikkje grunn til å tru at dette blir lettare om ein utvider prostiet med dei fire kystkommunane i Ytre. Truleg vil sokna som ligg i dagens grenseområde mellom prostia (Gjemnes, Straumsnes, Frei) vere dei der potensialet for utveksling av prestar vil vere størst, men frykta er at folkerike Kristiansund i så fall stadig vil kunne syne til uløyste oppgåver, noko som i sin tur vil føre til ein lekkasje av presteressursar frå Gjemnes og Tingvoll til byen. Sokna i Indre Nordmøre har dermed mykje meir å tape enn å vinne på ei samanslåing.

□ Vidare vil «nye» Indre Nordmøre prosti – altså utan Halså og Rindal – bestå av tre kommunar med to prestestillingar i kvar, som såleis vil kunne vere robuste einingar i seg sjølv. Den siste kommunen, Gjemnes, vil vere kommunen med berre ein prestestilling, men det vil då vere naturleg at prostien, som vonleg framleis vil vere stasjonert i Tingvoll, bidreg inn i nabokommunen Gjemnes. Ferieavvikling, sjukefråvær og kortare permisjonar bør derfor vere godt mogeleg å handtere i eit slikt slanka Indre Nordmøre prosti. Det kan fakstisk argumenterast for at dette er ei ideell eining om ein skal organisere presteteneste over eit stort område med lågt folketal.

□ Dagens Ytre Nordmøre har mindre enn ein tredjedel av arealet som utgjer Indre Nordmøre, men på grunn av byen Kristiansund er folketallet om lag dobbelt så stort. Eg fryktar at ei samanslåing vil vere å slå saman to så pass ulike demografiar, at det vil bli konfliktfylt å skulle administrere ei slik ubalansert ny eining.

Frå eit Indre Nordmøre-perspektiv er det alt i alt vanskeleg å sjå gode argument for ei prostisamanslåing, bortsett frå idealet i tida om at einingar bør vere størst mogeleg, samt myten om at sentralisering er eit gode. Eg trur kyrkja er best tent med å vere ei motvekt mot dette, ved heller å framhalde verdien av nærleik til dei menneska ein som prest er sett til å tene, og den store styrken som ligg i dei små fellesskapa. Indre Nordmøre prosti er allereie stort nok – som sagt nesten ein tredjedel av Møre bispedøme – og bygdene i Gjemnes, Tingvoll, Sunndal og Surnadal fortener ei kyrkjeleing og ein prost som ikkje er lenger unna enn i dag.»

### **Høyringsuttale Prosten i Ytre Nordmøre**

